

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Knarvik, 13. mars 2016

Region Nordhordland - prioritering av skjønsmidler 2017

Me viser til skriv frå Fylkesmannen datert 12. desember 2016 om «Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2017». Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande og prioriterande rolle i samband med søknad om skjønsmidler, og vil prioritera å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har koordinert arbeidet med søknadar i regionen, Regionrådet har slutta seg til prioritering, og det vert sendt inn 7 konkrete søknader til Fylkesmannen frå våre kommunar.

I tillegg har Osterøy kommune levert ein søknad på vegne av ei arbeidsgruppe for verneskog i Hordaland. Denne gruppa består av kommunane Osterøy, Voss, Bergen, Kvinnherad, og Fylkesmannen i Hordaland og Norges vassdrags- og energidirektorat. Sidan denne i stor grad gjeld kommunar m.v. utanfor Regionrådet heldt me den utanfor vår vurdering og prioritering.


Regionen har levert to søknadar innan akvakultur, begge desse er fylkesmannen kjent med. Desse vil bli sett i samanheng når arbeidet startar opp, men det hastar med å koma i gong med konkrete tiltak i Masfjorden / Lindås jamfør oppslag i pressa m.v. Søknaden frå Masfjorden og Lindås er prioritert nedst, dette har samanheng med at søknaden kom inn etter at prioriteringslista var førelagt Regionrådet. Me reknar med at fylkesmannen vurderer alle søknaden også på sjølvstendig grunnlag. Det er vidare levert to søknadar som gjeld velferdsteknologi, ein får dei tre kommunane som skal slå seg saman, og ein frå resten. Det er meldt tilbake frå samanslåingskommunane om prosjekta må gjennomførast som to prosjekt grunna samanslåingsprosessen.

Me synest at kommunane /regionen samla sett søker om nøkterne og gode prosjekt, og at alle 7 søknadane gjeld særlege område Fylkesmannen ynskjer å prioritera. Me meiner at alle søknadane er viktig for utvikling, fornying og læring i regionen og / eller i den enkelte kommune.

Generelt sett synest me det er vanskeleg å setja søknadane opp i mot kvarandre og setja prioritært rekkefylgje. Me har derfor stor tillit til at Fylkesmannen også ser prioriteringane i forhold fordeling på dei ulike særlege prioriterte områda og faginddelinga.

Vedlagt fylgjer prioriteringsliste med oversikt. Den enkelte søknad er lagt inn gjennom søknadsskjema på heimesida til fylkesmannen slik det er bedt om.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg: 2017 Skjønsmidler- prioritering Region Nordhordland